

# Referat ordinært årsmøte i NUUG, 2008-03-11

Møtet vart halde 18:00-18:30 i auditoriet til Avdeling for Ingeniørutdanning ved Høgskolen i Oslo, Cort Adelers gate 30, Oslo.

## 1 Val av møteleiar og referent

Petter Reinholdtsen vart valt til møteleiar og Håvard Fosseng til referent, begge ved akklamasjon.

## 2 Val av to medlemmer til å underteikne protokollen

Bjørn Ove Wærås og Lars Solberg vart valte ved akklamasjon til å underteikne protokollen.

## 3 Stadfesting av at møteinnkallinga er i samsvar med vedtektene

Artikkel 7 i vedtektene<sup>1</sup> spesifiserer krava til innkalling av ordinært årsmøte.

Ingen hadde innvendingar mot innkallinga, og ho vart godkjent ved akklamasjon.

## 4 Framlegg til årsberetting

Leieren og sekretæren i det sitjande styret las opp styret sitt framlegg til årsberetting, som vart godkjent ved akklamasjon.

## 5 Godkjenning av rekneskapen

Styret sitt framlegg til rekneskap for 2007 vart godkjent ved akklamasjon.

## 6 Val av nytt styre og andre tillitsmenn

Sitjande nestleiar la fram innstillinga frå valkomitéen.

- **Leiar**

- Petter Reinholdtsen

- **Styremedlemmer**

- Jon Petter Bjerke

- Håvard Fosseng

- **Varamedlemmer**

- Gaute Nessian

- Runar Ingebriktsen

---

<sup>1</sup><http://www.nuug.no/vedtekter.shtml>

– **Valkomite**

- Øyvind Hanssen
- Knut Arne Bjørnedal
- Knut Ingvald Dietzel

Alle vala vart gjort ved akklamasjon  
Det nye styret:

- Petter Reinholdtsen (leiar)
- Jon Petter Bjerke (styremedlem)
- Håvard Fosseng (styremedlem)
- Peter N. M. Hansteen (styremedlem)
- Gaute Nessan (varamedlem)
- Runar Ingebriktzen (varamedlem)

RSM Hasner vart attvalt som revisor ved akklamasjon.

## 7 Fastsetjing av kontingenten for 2009

Styret sitt framlegg til kontingentsatsar vedteke ved akklamasjon.  
Vedtekne kontingentsatsar for 2009:

Bedriftsmedlem inkl. inntil 3 personmedlemmer	4000
Tillegg for ekstra personmedlem i bedrift	1060
Personlig medlem	1110
Personlig medlem uten USENIX	410
Studentmedlem	260
Studentmedlem uten USENIX	50

## 8 Framlegg til revidert budsjett for 2008 og budsjett for 2009

Møteleiar la fram styret sitt framlegg til revidert budsjett for 2008 og budsjett for 2009.  
Desse vart vedtekne ved akklamasjon.

## 9 Eventuelt

Inkje.

---

Bjørn Ove Wærås

---

Lars Solberg